

LOV OG EVANGELIUM

Oppbyggelig blad gitt ut av Norsk Luth. Lekmannsmisjon

Nr. 10

Desember 1978

14. årgang

Dette barnet er sett til fall og oppreisning

(Luk. 2, 29—35)

Nå nermar jula seg att, og me skal på nytt høgtida Jesus sin fødselsdag. Mange barn har vorte fødde inn i verda sidan den dagen Jesus blei fødd i Betlehem, men ingen av dei er blitt hugsa og har feira fødselsdag så lenge som han. I år er det 1978 år sidan Jesus blei fødd. Dette barnet er i ei serstoda, for han vart sendt til jorda for å frelsa menneske. — Utanom han og hans namn, er det ingen gitt iblant menneske som me kan bli frelseste ved, seier Guds ord (Ap.gj. 4, 12).

I ordet som er vist til ovanfor, står Simon med dette barnet i armane sine og profeterar om han. Det som Simon såg i dette barnet og vitna om, det er det som du og eg treng om å få sjå om me skal få ei god og velsigna julehelg.

«Nå har augo mine sett di frelsa, som du har skipa til for åsyna åt alle folk, eit ljós til openberring for heidningane, og ein herleddom for Israel, folket ditt». Det såg Simon i dette barnet. Han såg Guds herleddom, og vitna om han, slik det står om Esaias.

Det står at far hans og mor hans undra seg over dei orda Simon vitna om Jesus, og det same gjer eg og du når me får sjå inn i den frelsa Gud har skipa til for oss i dette barnet. Av Herren er det gjort, og for oss er det eit stort under, seier salmisten.

Simon såg at i dette barnet skulle alt det Gud hadde lova oppfyllast. Han såg at Jesus

var Messias, den utvalde, den som var lova, Israels trøyst og håp som dei venta på. Han hadde fått lovnad om at han ikkje skulle få fara ut or verda før han hadde sett Herrens Messias, og nå stod han med han i armane og såg han med augo sine, såg at alt det som var lova ned gjennom tidene skulle gå i oppfylling i dette barnet.

Du som les dette, har du fenge sjå Jesus? Sjå kven han er og kva han er for deg? har du lært han å kjenna som din personlege frelsar? Då har du fenge sjå at han er Guds offerlam, som gav sitt liv og sitt blod for dine synder, at Gud var i Kristus og forlikte deg med seg sjølv, så han ikkje lenger tilrekna deg misgjerningane dine, straffa blei lagt på han, så du skulle gå fri. I hans sår har du fått lækjedom. Han blei gjort til synd for deg, så du skulle bli rettferdig for Gud i han, i og ved han har Gud gitt deg eit evig liv, og ei trøyst som er trygg og fast og held i liv som i død. Heile Guds fylla skulle bu i dette barnet, i dette barnet som skulle veksa opp til mennesket Kristus Jesus — Menneskesonen.

Jesus fekk ikkje livet i mors liv, på same måten som me andre menneskebarn, for han var til lenge før han blei menneske. Johannes døyparen seier om han at han var til før enn eg, endå Johannes vart fødd før Jesus. Skrifta fortel at han var til før verda vart skapt, at verda blei til ved han, og utan han har ikkje

ein einste ting vorte til av alt som er skapt. At han blei førd inn i mors liv og blei fødd til verda som ein av oss, det er Guds verk, og ingen ting er umogeleg for Gud. At Gud blei menneske, Ordet blei kjøt og feste bu millom oss (Johs. ev. 1. kap.), det er det største som har hendt på denne synda si jord. Av Herren er det gjort, og for oss er det eit stort under, seier salmisten.

Englane lova og prisa Gud for dette barnet som blei født julenatta og song æra vere Gud i det høgste, og fred på jorda og hugnad millom menneske. På jorda var det nok ikkje mange som skyna kva som hende, utan Simon og Anna og nokre få andre. Men dei få som trudde Skrifta, dei blei glade og æra og prisa Gud.

Slik er det også idag, snart to tusen år etter at Han kom til verda. Berre dei som Anden får openberra det for, gjennom Skriftene, trur på han og ser den frelse Gud har skipa til for alle manns åsyn i han, og berre dei kan fara herifrå i fred, som gamle Simon. Alle dei andre, som blir i si vantru og viser Jesus frå seg, dei gjer Guds råd og frelse til inkjes for seg.

Simon velsigna dei og sa til Maria mor hans: «*Dette barnet er sett til fall og oppreisning for mange i Israel og til eit motseiningsteikn.*»

Og slik som Gud sa gjennom Simon, slik gjekk det. Jesus blei eit motseiningsteikn i sitt jordeliv og i sin død. Folket skilde seg på han, i synet på kven han var. Noken trudde han var Guds Son, verda sin frelsar, Guds offerlam som tok bort verda si synd, mens andre trudde han var ein profet, eit menneske. Gud hadde gitt store gåver og tala gjennom, etter andre rudde han var ein bedragar og forførar som fekk si kraft frå djevelen. Det var vel årsaka til at Jesus spurde lærersveinane sine: Kven seier folk at eg er? Kven seier de (du) at eg er?

Kvar den som trur at Jesus er Kristus, han er født av Gud. Den som trur at Jesus er

Guds Son, trur på Guds vitnemål om Jesus, han eig og har det evige livet. (1. Joh. br. 5, 1-13). For han blei og blir Jesus til oppreisning, fallet er oppretta ved han.

Men den som ikkje trur Gud, når han vitnar om Son sin, han gjer Gud til ein ljugar, av di han ikkje har trutt på det vitnemålet som Gud har vitna om Son sin. (1. Johs. br. 5, 10).

Folket skilde seg også på Jesus når han gjekk ikring og gjorde vel og lækte all sjukdom og vanhelsa blant folket. Nokre sa at Gud hadde kome ned og gjesta sitt folk, andre lova Gud for at han hadde gjeve menneske ei slik makt, mens andre sa det var djevelen som gav han makt yver dei vondé ånder.

Ikkje mindre skilde folket seg på orda hans, på det han lærde og forkynte. Noken tok imot orda hans, trudde på han og på det han sa, og for dei blei Jesus til oppreisning. Til oppreisning frå sjukdom og vanførheit, oppreisning frå si synd og skam, til forlating for syndene og eit nytt liv, opreisning frå sin fortapte tilstand til frelse og barnekår hjå Gud. Andre støyte seg på orda hans, då dei skyna at det var dei han tala om og ikkje godkjende som Guds barn. Dei lurde på han, på hans ord og gjerning, for å finna feil ved han, prøvde å setja han fast i ord, sto han imot i si ånd og i sitt hjarta. Dei stygdes ved han, drog seg unna han, og motarbeidde han og dei som trudde på han. For dei blei Jesus til fall, til evig fortaping.

Akkurat på same måten er det også i vår tid, menneske er dei same, og skil seg på Jesus og på hans ord, for eller imot. Her er det ingen mellomstilling, ingen kan vera nøytral. «Den som ikkje er med meg, han er imot meg, og den som ikkje sankar med meg, han spreider», seier Jesus sjølv i Matt. 12, 30.

Her er skiljet mellom frelst og ufrelst, millom Guds barn og verda sine barn. Dette skiljet går ikkje der mennesket set det, millom bekjennande og ikkje bekjennande, omvende, truande og vantru osv. Skiljet set i

Bladet Lov og Evangelium

Bladet blir sendt gratis til alle som sender eksp. namn og adr. Bladet blir halde opp av frivillige gäver.
Eksp.: M. Skumnes, Horneland, 5400 Stord. Postgiro: 5 42 88 75

Alt som har med bladet sin eksp. blir sendt dit, som tingling, oppsæiling, adresseforandring og gäver til bladet.

Red. Amund Lid, tlf. 75 Norheimsund og post 5600 Norheimsund.

Norsk Lutherisk Lekmannsmisjon
Form.: Lelf Øygarden, 3786 Sannidal
Tlf. Kragerø (036) 83117
Kass.: Sverre Bøhn, 5601 Norheimsund. Postgiro: 5 68 21 33. Bankgiro: Vikøy Sparebank 3530.21.00932

hjarta sitt forhold til Jesus, til ordet av han og om han, millom det hjarta som trur på han og ikkje trur på det og tek imot det.

Til sine tider såg det ut som om mengda trudde på Jesus mens han levde og vandra om i Israel, og slik kan det også sjå ut til sine tider i vår tid. Men Simon sa også til Maria :

«Men deg og skal sverdet stikka gjennom sjela, då kjem det op kva tankar mange gøymer i hjarta.»

Den dagen kom då Maria sto ved Jesu kross, og såg på at hennar kjære son blei spikra til krøssen og blei håna og spotta og måtte døy. Det må vel stikka i eit morshjarta å måtta sjå på slikt.

Den dagen kom det opp kva tankar folket gøymer i hjarta, korleis dei stilte seg til Jesus. Slike dagar kjem også for oss, då me kjem i naud eller fåre for Jesu skuld, for Guds ords skuld, då det kostar å bekjenna trua på Jesu namn. Då kjem det opp hjarta si stil-

ling til Jesus.

Mange lever på ein slik stad i vår tid. Å tru på Jesus og bekjenna at dei tru på han, det kostar å missa arbeidet, bli utestengd frå skule og utdanning, missa borna sine fordi dei fortel dei om Jesus. Det kostar fengsel og slavearbeid. Slike stader kjem det opp kva hjarta trur og tenkjer om Jesus.

Til vanleg er det vanskeleg å sjå forskjell på den truande og vantru, for tankane er skjulte i hjarta, og ikkje minst i julehøgtida kunne ein tru at dei fleste trur på Jesus. Men når kvardagen kjem attende, kjem det straks meir til synne kven som eig hjarta. Og om fråfallet frå Gud skrid fram med den fart det nå synest å ha, då er ikkje slike tider eg har nemnt ovanfor langt borte frå oss.

Jesus er sett inn midt i slekta, evangeliet om han blir forkynt til verda sin ende. Den einskilde sin evige lagnad blir avgjort av korleis du stiller deg til Jesus, til Guds vitnemål om han. Kva sida står du på?

Ennå ei lita tid er Ijoset (Jesus) iblant dykk, tru på Ijoset så de kan bli barn av Ijoset, gå så ikkje myrkret skal koma over dykk, for den som går i myrkret veit ikkje kor han kjem av. Det er Jesus sine ord til oss.

Med dette vil eg takka alle leesarar av Lov og Evangelium for dette året som snart renn inn i fortida. Ennå eit nådeår er gått. Og eg vil ynskja dykk alle ei av Gud velsigna julehelg frå redaktøren.

Amund Lid.



Når talsmannen kommer

Av Øivind Andersen

I Johs. evangeliump 15, 26-27 leser vi : «Når talsmannen kommer, som jeg skal sende eder fra Faderen, sannhetens Ånd, som utgår fra Faderen, han skal vidne om meg. Men også I skal vidne, for I har vært med meg fra begynnelsen av.»

Det er altså Jesus som sier dette, og det er med tanke på den Hellige Ånd som skal komme. Hvem er den Hellige Ånd? og hva er den Hellige Ånd? og hva går den Hellige Ånds gjerning ut på? Det er tre grunnleggende spørsmål, som det er nødvendig å se hva Guds ord svarer på, for å forstå det som Skriften sier om Guds Ånd.

Hvem er Guds ånd?

Han er Gud, svarer Skriften. Det går så tydelig frem av Jesu ord at der hvor Guds ånd er, der er Gud selv. Jeg vil ikke etterlate eder farløse, jeg kommer til dere, sier han. Altså Faderen og Sønnen kommer til ham og vil ta bolig hos ham.

Guds Ånd er ikke en kraft, han er ikke en utstråling av Gud, Guds Ånd er ikke noe som utgår fra Gud, *han er Gud!* Når det står at Ånden utgår fra Faderen, så er det bare for å angi forholdet mellom Faderen og Sønnen og den Hellige Ånd. Det er akkurat som når det står om Sønnen at han er født av Faderen fra evighet av, så er ikke det noen begynnelse - det bare angår forholdet mellom Faderen og Sønnen og den Hellige Ånd. På samme måte er det sagt om den Hellige Ånd at han utgår fra dem begge, fra Faderen og fra Sønnen. *Han er Gud!* Der hvor den Hellige Ånd er, der er samtidig både Faderen og Sønnen. Å ha den Hellige Ånd i sitt hjerte, er det samme som å ha Gud selv i sitt hjerte. Jesus bor i

vårt hjerte ved den Hellige And.

Det er altså Skriftenes enkle svar på spørsmålet: Hvem er han. Han er Gud, og han skal av oss omtales som Gud.

Hva er Guds Ånd?

Han er talsmannen, sier Jesus, den annen talsmann. Det tales om to talsmenn i Guds ord. Den første er om Jesus. Han er vår talsmann hos Faderen, som det står om i Johs. første brev kap. 2. Den andre er Guds Hellige Ånd. Han kalles den annen talsmann. Av de tre personer i Gud, er det altså to som blir kalt talsmann. Talsmann betyr etter grunnteksten en som er tilkalt for å komme til hjelpe, frelse, unnsetning og redning. Faderen har tilkalt sin Sønn, til vår frelse, han skal gå i vårt sted. Guds Sønn skulle komme oss til hjelpe og frelse ved å gå inn i menneskeslekten, ved å la seg føde inn og være menneske og fullføre alle våre gjerninger, og ta på seg hele vårt syndeansvar. Dette har han fullført, og han er blitt vår talsmann hos Faderen, og er en soning for våre synder, dog ikke bare for våre, men for hele verden, står det i 1. Johs. brev kap. 2.

Den Hellige Ånd er tilkalt for å være i vårt hjerte. Vi har ikke bare mistet vår guds frykt vi mennesker på grunn av vår synd, vi har også mistet evnen til å være gudfryktige, vi har gått bort fra Gud på en slik måte at vi kan ikke finne veien tilbake igjen, vi har ingen evne til å ta imot Guds ord, ingen evne til å forstå Guds ord, ingen evne til virkelig å be. Derfor har Faderen tilkalt den Hellige Ånd som en talsmann nummer to, og som Jesus sier: Han skal være hos eder og i eder. Han er tilkalt for å være i vårt hjerte.

Og hva går Åndens gjerning ut på?

Det var det tredje spørsmål. Det er å åpenbare for oss det vi har i Jesus. Han skal herliggjøre meg, for han skal ta av mitt og forkynne eder, står det i Johs. 16, 14. Og som du hørte i det ordet vi leste til å begynne med her : *Han skal vidne om meg.*

Den Hellige Ånds gjerning går ut på at du og jeg ska få del i det som den første talsmann har gjort. Over alt er det nøyne sammenheng mellom den første og den annen talsmann. Den Hellige Ånd taler alltid om Jesus, og hva hans gjerning videre går ut på kan du se av det Skriften kaller den Hellige Ånd. Han er visdoms og råds ånd, han er kunnskaps ånd, han er nådens og bønnens ånd, han er sindighets ånd. Du hører kort og godt, alt som heter Guds-liv i vårt hjerte formidles ved Guds Hellige Ånd. Guds Hellige Ånd, det er Jesus i oss. Jesus bor i oss ved sin Hellige Ånd. Den Hellige Ånd som bor i oss er han som åpenbares ved Faderens høyre hånd, ja Faderen selv i vårt hjerte.

Derfor skjønner du at det er et veldig budskap dette om den Hellige Ånd. Budskapet om den Hellige Ånd kommer ikke til oss som et krav, men som et løfte. Den Hellige Ånd får vi på grunn av det Jesus har fullbyrdet, og Jesus sier at det er til gagn for oss at han går bort, for hvis han ikke går bort kommer jo ikke talsmannen til oss. Men går han bort, da kommer talsmannen til oss, og med talsmannen har vi Jesus og hele hans frelse.

Mange spør : Hvordan får et menneske den Hellige Ånd? Der svarer Guds ord : *Ved omvendelse og tro på Jesus.* Du får Guds Hellige Ånd ved å la deg overbevise av denne ånd. Han begynner, som vi tidligere talte om i en Luthersk time ved å overbevise om synd, han overbeviser oss om hvem vi er og hva vi er. Den som lar seg overbevise om det, og videre lar seg overbevise om hvem og hva Jesus er, der skapes tilliten i vårt hjerte. Det er ved troen, ikke ved å streve med oss selv, vi får Guds ånd.

Og sammenhengen sør du mege klart i Galaterbrevets 3. kap. når du ser på sammenhengen mellom vers 13 og 14. I Galat. 3, 13 står det : Kristus kjøpte oss fri fra lovens forbannelse, idet han ble en forbannelse for oss — for det står skrevet : Forbannet er hver den som henger på et tre, *for at*, står det i vers 14, Abrahams velsignelse kunne komme over hedningene i Kristus Jesus, så vi ved troen kunne få Ånden, som var oss lovet. Du merker deg det, at vi ved troen kunne få Ånden som var oss lovet, og det fordi Jesus har kjøpt oss fri fra den forbannelse vi har pådratt oss ved vår synd.

Her kommer det ikke noe krav, men det kommer et tilslagn, et løfte, som du blir bedt om å sette din lit til. Det har så lett for å snike seg inn hos oss at det er noe vi skal gjøre for å få Guds Ånd, og det var også kommet inn blant galaterne. Derfor ser vi i begynnelsen av det tredje kap. i Galaterbrevet at vi advares sterkt mot å gli inn i lovtreldom når det er spørsmålet om Guds Ånd. I uforsandige galatere, hvem har forgjort eder, I som har fått Kristus malt for øynene som korsfestet. Bare dette vil jeg få vite av eder : Var det ved lovgjerninger I fikk Ånden, eller ved troens forkynnelse? Var det ved å streve med eder selv at I fikk Ånden, eller ved å høre om Kristus?

Og svaret er meget klart : Ikke ved å streve med oss selv, men ved å høre om Kristus. Og der hvor den Hellige Ånd kommer inn i hjertet, der åpenbarer han sannheten for oss, der veileder han oss, der er han vår hjelper, vår styrke, vår visdom. Han har tatt på seg å gi oss alt det som hører Jesus til, forat vi skal få eie det. Amen.

Avskrift etter lydband fra den Lutherske Timen i Norea Radio, med løyve fra Andersen og Norea, ved A.L.

Bønnens arbeid

Av Ole Hallesby

Bønnen er det viktigste arbeid i Guds rike.

Og nå var det Herrens mening at vi skulle gå inn i dette arbeid så snart vi ble vunnet for Gud. Vi skulle med vår bønn gå inn i det aktive kristelige arbeid som våre kristne fedre har ofret, lidd og stridt og bedt for. Vi skulle nå være med å bygge med i dette, først og fremst ved vår bønn. Og la meg nå nevne noen av de punkter hvor bønnens arbeid er viktig, ja, hvor bønnen nesten er det eneste arbeidsredskap som kan brukes.

Det første som da må nevnes er *bønn om arbeidere*.

Jesu egne ord viser oss det: «Høsten er stor, men arbeiderne er få. Be derfor høstens herre at han vil drive arbeidere ut til sin høst!» Matt. 9, 37-38. Vår første opgave er å få ut de arbeidere som Gud vil ha i de forskjellige stillinger. Og legg nå merke til at dette skal vi utføre i bønn.

Denne del av bønnearbeidet er det visst ikke mange av oss troende som har tenkt så mye på. Vi ber for dem som er kommet inn i det kristelige arbeid. Vi ber kanskje også for dem som utdannes for et eller annet kristelig arbeid. Men de fleste av oss er ikke nådd så langt at vi ber for dem som hverken er i arbeid eller i utdannelsen, men som Herren har utsett til et bestemt arbeid. Og nå sier det siterte ord av Jesus at disse får ikke Gud kalt og drevet ut til gjerningen uten vår bønn.

Den største fare for et kristelig arbeid er sikkert den at det får arbeidere som ikke Herren har kalt og drevet ut. Da blir det ikke annet enn et menneskeverk, selv om det er utført med stor personlig kraft og organisatorisk dyktighet.

Det er folk på misjonsmarkene som aldri skulle vært der. Enkelte av dem er ikke engang omvendt til Gud. Og samtidig går det

folk hjemme som skulle vært misjonærer.

Dette er vår egen skyld. Vi skulle ha bedt for denne viktige sak, bedt om at ingen andre måtte komme dit ut enn de som er sendt av Gud, men samtidig også at de som er utset av Gud, ikke må få gå her hjemme, men virkelig komme ut.

Det samme gjelder våre prester.

Vi klager ofte over dårlige prester. Og det er en forholdsvis lettint sak å klage. Men vi skulle klage mest over oss selv og vår lunke bønn. Vi skulle ifølge Jesu ord være med og bestemme hvem som skulle få bli prester. - Men istedenfor det sitter vi stille og tar imot de prester som regjeringen unevner. Og vi overlater til de unge menn i 18-årsalderen å avgjøre hvem som skal bli prester i vår kirke.

Dette må ikke få fortsette.

Ifølge Jesu ord har de troende ikke bare rett, men plikt til å være med og utpeke hvem som skal få bli prester og hvem ikke. Men dette er et arbeid som alene kan utføres i bønn.

Troende venner, la oss gå inn i dette arbeid !

Tenk dere om et øyeblikk, og dere vil se hva det skulle bety for vår kirke og for vårt folk. Syv hundre prester, retroende prester, troende prester, fylt til randen med omsorg for sjelene ! Syv hundre prester, sendt av Gud, spredt over hele landet !

Noen smiler overbærende, andre sukker mistrøstig over en slik tanke. Men kan hende det var rett av oss alle å tenke over Jesu ord på nytt : «Be derfor høstens Herre at han driver arbeidere ut til sin høst.» «Og intet skal være umulig for eder.»

Dette gjelder også våre lærere.

Vi har mange gode lærere og lærerinner i vårt land. Men dessverre har vi også mange

som forsømmer seg i arbeidet, ja likefrem skader barna. Også her har vi forsømt oss. Vi har ikke bedt ydmykt og regelmessig til Gud om at den troende ungdom skulle ledes inn på lærerskolene og ta op den viktige og ansvarsfulle gjerning i våre skoler. Og når vi har fått en dårlig lærer eller lærerinne og vi klager over henne, så tenker jeg Herren ville si til oss : «I har ikke, fordi I ikke ber.»

I det hele skulle vi med vår bønn være med og hjelpe nådegavene frem.

I en grend eller en bygd mangler man f.eks. en skikket leder. Istedefor nå å klage over de mangelfulle ledere vi har, skulle vi be frem den ledergave som trenges.

I en annen bygd har man en skikket leder, men mangler stedlige nådegaver til å forkynne Ordet. Da skulle vi ta Jesu ord for oss : «Bedenfor høstens Herre, at han driver arbeidere ut til sin høst.»

Endelig skal vi på våre kne be frem de nådegaver som reiser rundt og taler Guds ord, dem vi pleier å kalle emissærer. Men også dette bønnearbeid forsømmer vi.

Og følgen er at vi nå har emissærer som aldri skulle reise rundt å preke. De er ikke drevet av Gud, men av mennesker.

Og samtidig går folk i gårdsbruk, i fiske, i håndverk og i forretning, folk som av Gud er utsett til forkynnere, men som han ikke får drevet ut til sin store høst fordi ikke vi ber disse nådegaver frem.

I denne forbindelse vil jeg nevne hva den jevne bondepiken *Bolette Hinderli* fikk utrette for det store Herrens vitne Lars Olsen Skrefsrud.

I et syn fikk hun se en fange i en fengselscelle. Hun så tydelig ansiktet og hele skikkelsen hans. Og en stemme sa til henne : - «Denne vil få en lignende skjebne som Ole Høiland om ingen tar ham opp i sin bønn. Be for ham, og jeg vil sende ham ut til å forkynne min pris for hedningene.»

Hun var lydig mot det himmelske syn, led og bad og kjempet for denne fangen som hun

ikke kjente. Og hun ventet med lengsel på å få høre om en straffange som var blitt omvendt og kalt til misjonsgjerningen.

Endelig under e besøk i Stavanger fikk hun høre om en straffange som var blitt omvendt, og nå skulle tale der i byen. Da Skrefsrud trådte frem på talerstolen, kjente hun ham straks igjen fra synet om natten.

Denne kvinne hadde forstått Jesu ord om å få be frem nådegavene.

Så langt jeg forstår Guds ord og kjenner Guds rikes historie, er det ikke noe bønnearbeid som er viktigere enn dette. Kommer den rette mann på rett plass, da er det nesten grenseløst hva han kan utrette. La oss tenke på menn som Martin Luther, Hans Nielsen Hauge, Lars Olsen Skrefsrud, Hans Petter Børresen, William Carey, Hudson Taylor. .

Døperen introduseres med følgende ord : «Der fremstod en mann, sendt av Gud, hans navn var Johannes.» Johs. 1, 6. Da skjer det alltid noe. Og det uansett om vedkommende er meget eller lite begavet.

Enkelte vil visst spørre hvorfor Gud ikke driver ut og sender disse nådegaver uten at vi ber. Det lille jeg kan svare på dette spørsmål vil jeg helst vente med til et senere avsnitt, hvor vi taler om bønnens gåter.

Til vårt bønnearbeid hører også bønn for lederne.

Disse har et stort ansvar. Til en leders stilling kreves ikke bare visdom og erfaring, men også et stort personlig mot så man tør handle etter sin egen overbevisning, og ikke bare lytter etter majoritetens mening. Det kreves også stor kraft og utholdenhets til å gjennomføre de saker som man tror er Guds vilje, gjennomføre dem også når motstanderne triumferer og vennene går trett.

Det er en lett sak å kritisere lederne. Etter på er vi nemlig alle kloke. Da ser vi alle hvordan saken skulle vært grepert an. Men på forhånd ser ingen det, og da er det lederne må handle. La oss bære lederne i bønn, istedenfor å møte dem med kritikk.

Jeg mener ikke med dette at vi skal ta for godt alt hva lederne bestemmer. Mener du de gjør galt, så si det til dem i ydmyk kjærighet. Og fremfor alt: be for dem. Be for dem, inntil de selv blir overbevist om at de grep saken feilaktig an. Da har du ikke bare fått ditt svar frem, men da har du vunnet en veldig seier for broderånden og søskenkjærligheten.

Så skal vi be for predikantene, for præster og lekfolk.

Det er vanskelig å være predikant. For det første er det et stort ansvar å forkynne evangeliet, å dele Ordet rett. Dernest er en predikant utsatt for mange og sore friseler. Disse går særlig i to røtninger: enten til å bli hovmodig eller til å bli mismodig, alt ettersom forkynnergjerningen synes å lykkes eller å mislykkes.

Hører du predikanter som du synes er blitt hovmodige, så be Gud inderlig om at de må bli så små og fattige igjen at de kan bespis Guds folk. Hører du derimot en predikant som holder på å tape motet, så be Gud gjøre ham frimodig.

Be særlig for de stedlige nådegaver. Be dem frem. Og be for dem så de får frimodighet til å fortsette utrettelig fra år til år. — Det er tegn til at de stedlige nådegaver begynner å vanrives, ja enkelte steder er de nesten utdødd. Be, ja tigg og be at Gud må fri oss fra denne ulykke.

Be i det hele særlig mye for de små predikanter at de ikke må føle seg overflødige. Be om Guds kraft over dem. Og så skal du få oppleve at de bringer et friskt bud fra himmelen, selv om de ikke har de store gaver

eller den spennende fremstilling.

Så har vi bønnen for møtene.

Også her er våre forsommelsesssynder store. Blant våre forberedelser til møtene er sikert bønneforberedelsen den vi tar lettast.

Hvordan blir våre møter vanligvis forberedt? Jo, først bestemmer vi hvor møtet skal holdes. Så når det skal holdes. Dernest sørger vi for å få noen til å preke. Endelig sørger man for å få møtet godt annonsert. Og så er alt i orden. Nå venter man rolig til den tiden er inne da møtet skal begynne.

Før man går, ber man for møtet, hvis man får tid. Som regel sørger Satan for at man ikke får det. Til møtet kommer mange forsøkt. Noen kommer i god tid. Så benytter de vel tiden til å be for møtet? Nei, som regel snakker de sammen om løst og fast, inntil tiden endelig er inne, og møtet begynner. En av vennene holder nå bønn, og så begynner en å preke.

Og enda underer vi oss over at vi ser så liten frukt av møter og virksomhet. Helvete ler og himmelen gråter over slike møter. Igjen lyder Herens vemodige ord over oss: «I har ikke, fordi I ikke ber.»

Å, om Guds folk fikk se det arbeid som skal gjøres i bønn forut for møtenet! Da skulle det bli ganske annerledes velsignet, og møtene skulle bli hellige kraftsentrer hvor det skulle skje merkelige ting.

Det merkeligste ville kanskje bli dette at prekenene slett ikke ble mer storartede enn de var før. Men det ville være en ny kraft til stede. Ordet ville slå ned i samvittighetene hos troende og vantro.

For meg er livet Kristus og døden ei vinning

(Fil. 1, 21)

For meg er livet Kristus og døden ei vinning, det er apostelen Paulus sitt personlige vitnemål. Og salig og lukkeleg er kvar den som kan vitna som han.

Tidlegare i sitt liv kunne ikkje Paulus vitna slik. Då var det han sjølv og det livet han levde som menneske som var livet for han. I den tida var han nidkjær for Gud og hans ord og den arven han hadde motteke frå fedrane og skulle føra vidare. Han granska Guds ord og lærde det frå seg til folket sitt, og gjekk inn for å leva etter Guds ord og tena Gud og sitt folk.

Men Jesu namn og person kunne han ikkje tola, for hans lære og forkynning var ein dom over Paulus og hans tru og liv. Både han og hans likesinna kjende det slik at dei blei ikkje godkjende av Jesus, og difor tok dei kampen opp mot Jesus og alle som trudde på han og forkynte den krossfeste og oppstadne Jesus frå Nasaret. Han seier sjølv at i ihuge var han ein forfylgjar av menigheten», d.v.s. av Kristus og hans lekam på jorda som er menigheten. Og det verste var at dei trudde dei tente Gud med det.

Også i vår tid finst det mange som har det på same måten. Dei kan vera ivrige og nidkjære i sin religiøse iver og tenesta for Gud og nesten, og streva alvorleg etter å leva eit godt og rett liv etter Guds ord og lov slik dei forstår det, og også tru på Jesus og rekna med han og hans hjelp i livet.

Men den Jesus og det evangelium som nokken forkynner, som legg alt menneske sitt inn under synd, og som lærer at det finst berre ein einaste vei til frelse: Trua på Jesus, som døydde for våre synder, sona dei ved sitt blod, han som frelser og rettferdigjør den uverdige og ugudelege syndaren av nåde ålein, den kan dei ikkje tola. Det kjennest som

ein dom, som eit angrep på dei og deira tru og liv, som farisearane fordrom skynar dei at det var dei han meinte og tala om og ikkje godkjennen. Og om dei ikkje går så hardt til verks som Paulus, så støyter dei seg på det og reiser seg imot Jesus og evangeliet i si ånd og sit hjarta, og tek avstand frå det. Du kjenner det som om du skulle gi dette evangelium om Jesus rett, då ville det bety døden for di tru og det livet du lever på, og du måtte setja ein strek over deg og ditt kristenliv. Ein mann sa det slik: «Skal eg gi dette de forkynner rett, då må eg setja ein strek over mi tru og det liv eg har levt som kristen, og det kan eg ikkje.»

Men les du de 3. kap. i Filipensarbrevet, då vil du sjå at det var nett det Paulus måtte gjera for å bli frelst. Og du vil sjå der at han hadde meir å fara med og setja strek over enn eg og du har. Det måtte til, for at han kunne bli frelst, for å vinna Kristus og bli funnen i han, for å kunna vitna: For meg er livet Kristus og døden ei vinning.

Kva var det som førde til denne store omvelting og forandring i Paulus sitt liv?

Det fortel han sjølv om på mange stader i Skrifta: Han møtte Jesus. Og ved dette møte lærde han å kjenna seg sjølv rett, og han lærde å kjenna Jesus og kven han var. Det hadde ikkje Paulus gjort før. Ikke kjende han seg sjølv rett, og slett ikkje kjende han Jesus.

Og det er også ulukka for dei fleste menneske også i vår tid. Har du møtt Jesus, og kjenner du han rett, slik ibelen openberrar han?

Paulus møtte Jesus på veien til Damaskus. Han var på veg dit for å fengsla dei som trudde på Jesus og vedkjende seg han som sin frelsar. Midt på dagen kom eitt sterkt lys

frå himmelen, og han høyrd e i røyst som sa: «Saul, Saul, kvi forfylgjer du meg? Han fall då blind til jorda og spurde: «Herre, kven er du? Røysta svara: «*Eg er Jesus, han som du forfylgjer!* Det vil falla deg hardt å stampa mot brodden».

Ved dette møtet fekk Paulus sjå mykje han ikkje visste før, og det endå han nå var heilt blind og hjelpelaus. Det var Ånden og ordet frå Gud, som openberra det for han og kasta lys over sanninga.

Det første han fekk sjå, og måtte erkjenna, var at det livet han levde som menneske, hans eiga rettferd som var etter lova, og hans gjerningar for Gud at han høyrd til Guds folk o.s.v., det hadde ikkje noko verd for Gud til frelse. Han måtte sjå og erkjenna og rekna det for «skarn» — avfall, verdilaust, som han måtte setja ein strek over for å bli frelst. «Men det som var meg ei vinning, det har eg for Kristi skuld halde for tap, ja, eg *held og i sanning alt for tap*, avdi kunnskapen om Kristus Jesus, min Herre, er så mykje meir verd. For hans skuld har egapt det alt saman, og eg held det for skarn, så eg kan vinna Kristus» (Fil. 3, 7-8). Har du vore her, der du måtte setja ein strek over deg og ditt, for å vinna Kristus? Ja, så sant du lever i trua på Jesus, lyt du nok ofte setja strek over deg og ditt. Det er berre for dei som det gjer, at Kristus blir livet og døden ei vinning.

«Men då me skyna at eit menneske blir ikkje rettferdig for Gud ved lovgjerningar, men ved trua på Kristus, så trudde me og på Kristus», vitnar han i Galat. 2, 16. Det var det andre han fekk sjå. Skulle han bli frelst, så måtte han *vinna Kristus* og bli funnen i han, ikkje med mi rettferd, den som er av lova, men med den som ein får ved trua på Kristus, rettferda av Gud på grunn av trua». (Fil. 3, 8-9). Der han låg i Damaskus, blind og hjelpelaus, i «ein synda og døden sin lekam», blei han frelst og frigjort ved synet og trua på Jesus.

Frå nå av blei alt nytt, og det gamle var

¹ forgjenge. Nå vitnar han: «Eg er ved lova død for lova, så eg kan leva for Gud, eg er krossfest med Kristus, eg lever ikkje sjølv meir, men Kristus lever i meg, og det livet eg no lever i kjøtet, det lever eg i trua på Guds Son, som elskar meg og gav seg sjølv for meg. Eg aktar ikkje Guds nåde for inkje. For dersom rettferd er å vinna ved lova, so døydd Kristus utan grunn» (Galat. 2, 19-21)

Frå den tid var det Kristus som var livet for Paulus. Han sjølv var død med Kristus på krossen, og eg lever ikkje lenger sjølv, men Kristus lever i meg. Og det var hans lengting og von at Kristus, som alltid, so og no, med alt frimod skal verta herleggjord ved min lekam, anten det vert ved liv eller død. For meg er livet Kristus og døden ei vinning. (Fil. 1, 20-21).

Er det slik for deg? «Ja, salig er den som når alt farer hen har Jesus og himlen igjen». Eller er det ennå du sjølv som er livet, det du reknar med og strevar med og set di lit til, då treng du eit møte med Jesus.

Du er kanskje av dei som rur at det er det du ennå manglar, som er årsaka til at du ikkje får tru deg frelst, at det er årsaka til di uro og ufred og mangel på kvile og visse om barnekår hjå Gud. Å, kor du tek feil! Det er ikkje det du manglar, som er årsaka, men det er det du har, det du reknar med, det du ikkje er villig til å setja strek over. Frelsa den er av nåde, uforskyldt, for den uverdige, for den som manglar alt for Gud. Då Paulus kom fram til denne erkjenninga, og vende seg til Jesus og ba om nåde og frelse, då blei Kristus livet for han. Kom til Jesus, han som vil gi deg alt du treng for livet og døden, for jorda og himmelen.

Og døden ei vinning

Slik vitnar Paulus, at *for han er døden ei vinning*.

For folk flest er døden det motsette, ved den taper me alt. Me er van med at når den gjestar oss tek den frå oss det kjæraste me

har, eller om det er me sjølve som må fylgja han, så etterlet me oss alt me eig her i verda.

Og så kjem Paulus og seier at for han er døden ei vinning. Korleis kan han seia det?

Det heng nøyne saman med det som han sa først: For meg er livet Kristus. Dei to ting kan ikkje skiljast åt.

For den som ikkje Kristus er livet, er så visst ikkje døden ei vinning. For deg er det ei stor vinning så lenge du lever, for der det er liv er der endå håp. Endå er der håp om frelse, håp om at livet skal sigrar over døden.

Ikkje så sjeldan kan ein høyra folk seia om ein som er sjuk av kreft eller andre døyelege sjukdomar: «Det var godt dei fekk døy, for dei leid så svært.» Og det kan dei seia endå om vedkomande i livet klart har teke avstand frå Jesus og evangelyiet om han. Mest undrar det meg at bekjennande truande i tankeløysa kan seia det. For om eit menneske ikkje er frelst og levde og døyddie i trua på Jesus, så er det så visst ikkje godt å døy. Her i livet finst det då lindring, hjelp og kjærleg omsorg å få. Men på den andre sida er der ikkje så mykje som de ytterste av fingeren duppa i vatn til å svala og lindra lidninga. Der finst det ikkje håp, ikkje forandring, berre ei evig-varande lidning, «der elden ikkje sloknar og ormen aldri døyr», sa Jesus. Kor godt det er så lenge me lever, og kan få høyra at der er ein frelsar som elskar syndarar og frelser den fortapte.

Inntil Paulus møtte Jesus, kom til trua på han som blei og er livet for han, så var han i same stoda som tollmenn og syndarar. Men då han møtte Jesus, og Han blei livet for han, frå den stund blei også døden ei vinning.

Korleis kan døden bli ei vinning?

Jesus sa til Marta (Johs. 11, 25-26): «Eg er oppstoda og livet! Den som trur på meg, skal leva om han så dør, og kvar den som lever og trur på meg, skal i all æva ikkje døy. Trur du det?»

Jesus har sigrar over døden og over dødens velde, og han har gitt oss som trur eit evig liv. For alle som trur på Jesus er døden omgjort til ein utgang frå livet her på jorda, og til inngang til himmelen og livet heime hjå Gud.

Difor er døden ei vinning. For det første får du forlata denne lekamen, den hytta som du har budt i her på jorda, den som har valda deg så mykje lidning og smerte, for han «ville ikkje lyda Guds lov, kunne det heller ikkje». Sjølv om du var fri frå den gamle Adam i di ånd og sjel ved trua på Jesus, så måtte du dagleg erfara songaren sine ord: «Jeg bærer et kjød, dets liv er min død, det piner og plager hver dag». Dette frigjer døden deg frå, og du skal få flytta heim til Jesus og innta den bolig han har laga til for deg, ein herlegdomslekam som er Jesus lik.

Her i livet måtte du vandra og leva i tru, tru på Guds ord åleine, tru på ein som du her ikkje har kjent, ein som du her ikkje har sett men endå elskar. Ved døden skal du heim til han, og sjå han som han er, kjenna han fullt ut.

Ved døden får du forlata denne synda si jord, med all dens urett, lidning og sorg og smerte. Og du skal heim til himmelen, til herlegdomen, deretter heime hjå Gud. Til det Gud har etla kvar den som trur, til det auga ikkje såg og øyra ikkje høyrde, til det som ikkje kom opp i nokon mennesketanke, det som Gud ved sin Ande openberra for oss som trur på Jesus. Nå skal du få ta arven i eiga.

Paulus seier at han held fyre at dei herverande lidningane ikkje er vyrdande, mot herlegdomen som ventar Guds barn (Rom. 8)

Her ei natt vakna eg opp av dette ordet: For meg er livet Kristus og døden ei vinning. Då kasta Åndens lys over Guds ord dei mange stader i Skrifta, som stadfeste for meg denne sanninga, og eg ynskte at eg kunne få bringa det eg såg vidare til andre. Det har eg forsøkt her, men orda blir så fattige, og det er så vanskeleg å gi uttrykk for det vårt indre auga

Sann og falsk rettferd

For det seier eg dykk, er ikkje dykkar rettferd mykje større enn rettferda åt dei skriftlærde og farisearane, so kjem de aldri inn i himmelriket. Mat. 5, 20. Skal tru kva læresveinane tenkte då deira meister tala slik? Var det ikkje ei rettferd som kunde stå seg for Gud, dei såg hjå sine åndelege leiatar? Dei måtte tåla både spott og vannæra. Dei gjorde bønebanda breide, og duskane på kjolen sin store. Dette skulde vera eit vitnemål om at dei trudde på Gud, og hadde fred med Gud. Moses og profetane les dei dagleg, salmene var deira bøner, synagogen og offer måtte aldri forsømast. Ja, dei sette alt inn på dette å gjera rett og leva rettferdig, for dei hadde himlen som mål for si livsreis. Dei takka Gud for hjelp til eit godt og heilagt liv. Etter lova ulastande seier Saulus, den tid han levde under lova si rettferd. Kven vilde ikke ha ei slik rettferd og eit gudfryktigt liv. Men Jesus ropte både ve og gråt over desse folk. Dei ærar meg fåfengt, dei når aldri fram. Guds namn vert ikkje æra ved dei. Syndarar dei skulde læra og vitna for kunde dei aldri føra inn i Guds rike. Dei gjekk i blinde og var midt i døden med all sin rettferd.

Er det mange slike i dag? Er det slutt med den tid då folk vil til himlen etter eigen innsats? Her kan vi trygt seia, den ånd og tanke som levde og virka i skriftlerde og farisear hjarta, er ikkje død eller utrydda. Aldri har den vore so virksom og livskraftig som i dag. Det gjelder i skrift, tale og det som vart kalla sjele-sorg. Kva var det som kunde få Jesus til å tala slik han gjorde? Den eine grunn

ser. Men det er mitt ynskje og bøn til Gud at han vil gjera det same under for deg, og openberra det ved sin Ånd.

Amund Lid

var denne: Rettferda dei hadde førde dei ikkje til himlen, men til fortaping. Det smarta Jesus til tårer. Han hadde slik kjærleik til desse folk, at dei måtte verta berga.

Korleis er den sanne rettferd? Den rettferd som vi må ha for Gud, har «eit» fortegn, Jesus. Hva Jesus meg har givet, gjør meg for Gud så kjær. Det er berre den rettferd som Jesus har vunne med sitt liv og sin død, som kan stå for Guds dom. Skrifta seier: «Men no hev ei rettferd frå Gud, ei som lovi og profetane vitnar om, vorte openberre utan lovi — ei rettferd frå Gud ved trui på Jesus Kristus.» Ordet og anden talar til oss og seier: For av nåde er de frelseste, ved tru, og det ikkje av dykk sjølve, de er Guds gåva, ikkje av gjerninger. Men dette er dårskap for det naturlege menneske. Den sanne rettferd er ein person, og heiter Jesus, eller Jesus Kristus og han korsfesta. Dette er for alle utan forskjell. Du og eg har fått ei rettferd som er fullkommen. Den tar ikkje skade av vårt dårlege liv, eller ufullkommen livs-vandring. Heller ikkje om du lyt klaga: Men akk jeg har et kjøt, som alltid gjør meg møye. — Dei som fekk himlen i eiga står det om: «Dette er dei som kjem utor den store trengsla og har tvege kjolane sine og gjort dei kvite i Lammet sitt blod. Det vil seia, dei gjorde bruk av det dei hadde fått i Jesus, i blodet. Alt anna heldt dei for skarn.

Korleis kan eg få del i dette? spør mange. Berre hør og tru, vert det ofte sagt. Det er sant, rett forstått. Men når ein ikkje får til å høyra eller tru, kva då? Menneske vil aldri gå med på at det er åndeleg dødt, her ligg heile årsaka. Trur menneskehjarta det, då er det mogeleg for både liv og tru. Når hjarta og munn tagna og ikkje finn rettferd eller tru, — då talar Gud. Når menneske har prøvt alt det kan for å vera rettferdig for Gud, korleis går

det då? Det første er å verta vakt. Bøna strekk ikkje til, omvending vart heller ikkje ankerfeste i, kor vellukka den syntes å vera. I staden for kjærleik til Jesus og hans ord, vart det vanskelege tider. Men kjærleik til synd og kjøtet sine vegar, vaks meir og meir. Ein fekk gode råd om mange ting, men all innsats, iver og arbeid, gav inga kvila for den vakte sjel. Så kom det første sukk frå hjarta: Gud, eg kan ikkje verta noko anna enn det eg er. Men då vart det gleda i himlen, då var det eit budskap som rakk fram, ordet om ein annan sitt liv og rettferd. Vilde hjarta no ta imot det som er ved Sønnen gjort? Eller vilde det venda seg burt i forakt og vantru og seja, det er ikkje for meg, dette kan eg ikkje tru. — Mange var dei som såg sin nød, sitt hjarte-

forderv, men vende seg frå Frelsaren. Ein og annan stamma fram i sin nød: «Herre frels meg eg går under.» Eller som Johannes og Andreas sa: Kvar bur du Rabbi? Kom og sjå, sa han. Og dei vart verande hjå han den dagen. Dei fekk sjå Jesus, sjå den rettferd som dei fekk ved tru. Sjå den rettferda Gud hadde ordna i Jesus Kristus før verda sin grunnvoll var lagt. Den rettferd heldt. Det seier eg deg for vist, svara Jesus, I dag skal du vera med meg i Paradis. Han vart ikkje sviken, — Og det vart ikkje nokon som tar sin tilflukt til det som Jesus har gjeve oss i sin død, og sitt blod. Han som gjekk til Faderen som vår stedfortreder, og vår rettferdighet.

Odd Dyrøy

Det største av alt

I vår tid er det blitt en veldig kamp for å bli den største og den første i mål. Det er blitt verdensomspennende at enhver nasjon vil ha en av sine sønner som den beste. Og det har sikkert en betydning for en nasjon å ha mange som har satt seg et mål å nå frem til. Ingen sportsmann ble først, om de ikke hadde sat seg et slikt mål de ville nå fraem til.

Det samme viser seg i ethvert yrke. Har ikke en mann eller en kvinne satt seg et mål de vil nå frem til, da vil de ikke nå svert langt i livet. Så det å satse på å nå et mål, det er ikke skadelig for noen. Men ingen når lenger enn han har fått evner til, eller har forutsettning for. Men disse kan trenes opp ved øvelse, og det er underlig å se hvor langt noen kan nå med små evner når de har pågangsmot og tro for at de skal klare det.

Men å bedømme hva som er størst av de mål som menneskene setter seg, det er ikke så enkelt, og vi kan komme til forskjel-

lige resultat, alt etter hva verdimåler vi bruker. Det finnes nemlig to forskjellige verdimåler, en jordisk og en åndelig eller himmelsk.

Tar vi den jordiske først, da vil vi se mange som får kongens fortjenestemedalje eller andre hederstegn, og mange andre som burde hatt medalje for sin innsats som ikke får den. Det mangler ikke på store mål om vi bruker denne verdimåler.

Men tar vi frem den åndelige verdimåler, da vil vi finne at ingen av disse mål er store i menneskenes øyne. Ingen bruker denne verdimåler som Jesus. Og hva han kaller for stort, det er stort, enten vi ser det eller ikke. Da blir spørsmålet for oss hva Jesus kaller stort og hva han kaller for lite, og det ser vi av Guds ord.

Jesus sier at en sjel frelst, det er mer enn all verdens rikdom. Målt med denne målestokk blir det å få en frelst sjel det største

som finnes her i verden. Har du som leser dette satt deg det målet, og har du nått frem til det?

Det finnes tusener av mennesker som har sett mye av det som er fint og av det som er stygt her i verden, men de har aldri sett en angrende synder søker frelse, og det er noe helt ukjent og fremmed for dem selv. Dette har jeg erfart selv, og jeg har sett mange andre søker frelse og nåde, og noe større enn det kan ikke oppleves her på jorden. Det at et menneske søker frelse, får se Jesus og hans frelse ved at lyset fra evangeliet renner opp i hjerte, det er det fineste og største et menneske kan opleve. Det har den største betydning både for dette livet og for det kommende.

Men det finnes også andre mål Jesus sier er store, og som han vil at vi skal streve frem mot. Det er de nådegaver han gir sine og deler ut etter som han vil og etter som vi duer til. 1. Korint. 14, 12 sier: «Således også med eder: Når I streber etter de åndelige gaver, så søk å få dem i rikelig mål til! menighetens oppbyggelse». Hvorledes vi verdsetter disse gavene er der stor forskjel på, og også Guds ord setter forskjel på dem, da en kalles for størst av dem alle (1. Korint. 13, 13)

Størst av dem er kjærligheten.

Denne gave får alle som er frelst, derfor er en frelst synder i besittelse av det største et menneske kan eie her på jorden. Og denne gave vil Jesus utøse i våre hjerter (Rom. 5, 5). Men denne gave forsøker djevelen på alle vis å røve fra oss. Da kristendom uten Kristi kjærlighet er helt verdiløst, har djevelen ikke noe imot kristendom som ikke inneholder Kristi kjærlighet. Menighetsforstanderen i Efesus hadde mistet denne kjærlighet, men likevel så menighetslivet godt ut og de var rike på alt. Han var sikkert optatt av at det ytre var i orden, men hans eget forhold til Jesus var ikke som det skulle.

Denne fare lurer på oss alle, men aller mest på dem av oss som har sitt arbeide i menigheten eller i forsamlingen av de troende. Derfor vil jeg be deg som har ditt arbeide her om å ta deg en stille stund og nytte den til å ta frem din bibel for å undersøke ditt forhold til Jesus. Finn frem 1. Korint. 13, 1-fg. og se hvor nødvendig det er å eie denne gave.

Det finnes dessverre så altfor mange som er en lydende malm og en klingende bjelle. Det kan være både sant og luthersk, men det mangler den rette klang — kjærligheten.

Ole Rolfsnes

Sterk i vanmakt

Det lyder sjølvmotseende dette ordet fra 2. Korint. 12, 10. Det er jo i grunnen eit underleg ord. Å bli sterk vil vi alle, men for å bli det må vi først vera vannmektige og skrøpelige.

Dette har nok mest med vårt åndelege liv med Gud å gjera, men ordet har også noko å gi oss når det gjeld vår lekamlege kraft og helsa.

Me ber Herren om kraft, om siger over synda, ofte er den lik Paulus si bøn om å ta tornen bort eller kraft til å sigra over den, så ville alt bli bra. Og så opplever me det motsatte: Ei uhyggeleg vannmakt og kraftløysa, du som vil gjera det gode makter det ikkje. *Guds nei* føles ofte tungt.

Mange av oss har opplevt det når det gjeld sjukdom. Men også når det gjeld dette ynskje

om å bli ein god kristen seier Gud ofte nei. I staden blir du ein fatig og hjelpelaus syndar, som knapt vågar å tru nådeordet frå Gud. Skal tru om me ikkje ofte gløymer å takka for dette, at han gjorde meg skrøpeleg og hjelpelaus. Kor ofte har ikkje dette ordet kome til meg: «Min nåde er nok åt meg!» Mi kraft kjem til deg ved nåden, seier Gud i dette ordet, Guds kraft blir fullenda i vanmakt.

Den sterke har ikkje bruk for kraft, for Guds kraft, det er syndaren og den veike som treng Guds nåde. Det er nåde me treng, ikkje hjelp til sjølv å sigra, ikkje kraft til sjølvhjelp, eller kraft til å vinna yver alt det vondre og stygge i oss.

Kristi kraft er heilt onnorleis enn vårt naturlege menneske kan fatte eller tru, for det trur berre på eigne resursar. Her er striden ofte hard, når eg skal gi frå meg alt mitt, då er eg verkeleg vanmekting som menneske her i verda. Ja, denne lærdomen i Guds skule føregår ikkje utan lidning.

Men salig er det for våre sjeler når nåden blir nok.

Ofte tenkjer me nok at Gud skal gi kraft til å forandre meg, så blir eg heilag og god. Nei, seier Gud, det som er født vond og syndig kan aldri bli godt for Gud. Men du skal få nåde hos meg, hjelp til å tru på Jesus, så er han din kraft, så er han *din hellighet, din åndelighet, ditt liv.*

Når eg får tru dette, då har eg alt. Kvifor skulle me då klaga over vår vanmakt — det er synd. Paulus seier at me skal rosa oss av vanmakta. Men knapt om eg har høyrte andre enn Paulus gjera det. Ein gong eg klaga meg overfor ein kristen bror over mi skrøpelighet, sa han: Har du takka Gud for dette?

Kan Gud betre bevara mi sjel for himmelen gjennom svakhet, då er det betre enn den beste helsa. Om me lite skynar her, ein dag skal me forstå. Kvifor, spør du, difor, seier Gud.

Så spørst det om me har det mot, som Paulus vitnar om, i alle dei indre og ytre trengsler og prøvelser som møter oss. Kan henda det ikkje er trengsler for Kristi skuld eg og du har. Veit du kva eg er ottefull for? Jau, at Gud må slå barnet sitt med lidningar, fysiske eller psykiske, på grunn av synder.

«Miss ikkje motet når han refser deg» (Hebr. 12, 5).

Det er barna han steller slik med, det er Herren som slår og det er hans hender som lækjer.

Herrens legemiddel heiter *nåde, tilgjeving* for alle dine synder og brot. Din torn, Herr, gjorde godt, den stakk og ydmyka, men i saret la du olje og vin. Forstå det alle som trur og lever i Guds nåde. Den nåde som me står i (Rom. 5, 2). Tenk å få stå på denne faste grunnvoll: «Nåden min skal ikkje vika frå deg, og mi fredspakt skal ikkje verta rikka», seier Herren (Esa. 54, 10.)

Me fall, me synda, me vende oss kvar sin veg — også som truande. Ofte syntes me at me hadde kraft sjølve, kristenlivet var ein seilas i maksver. Så gjorde han oss vanmektinge, tvilande på mest alt. Men også då heldt Guds nåde, når det var mørkt, og me utan mot og makt. «Herren er min styrke og lovesang, og han vart meg til frelse.»

Der, og berre der, er krafta. Ho blir ikkje gitt gudsbarne ein gong for alle, ho er berre der nåden er, der det er trong for ny nåde, dag for dag og stund for stund. Dette er vår lækjedom, kvile for trøytte nerver.

Den religiøse spør berre etter kraft til å koma ovanpå, etter litt hjelp for si eiga rettferd og åndelighet. Han er aldri blitt gjort vanmekting såleis at nåden er nok. «Men der synda vart stor, vart nåden endå større (Rom. 6, 20).

Eg og du eig i oss inga sjelsevne som kan lodde djupna i Guds nåde. Me trur at den er berre såvidt nok. Men dette Gudsordet seier at nåden er større enn synda. Vel var synda

stor, men ikkje størst. Nå er den største kraft som finst både i himmelen og på jorda *Guds tilgjevande nåde*.

Kvil deg her i all din armodsdom, det er berre ei lita tid du må dra på denne adamsdrakta. Den har fått sin dom på krossen, men den lever og er til så lenge du er her i verda. Og du som lid under din veike og fatige kris-

tendom, hør her : Gud er fornøgd med deg slik som du er, for Jesu skuld. Han ventar ikkje med sin kjærleik til du blir sigrande og god. Jesus har sigra istaden for oss, og gir oss ved sin nåde alt han er og har gjort. Hans er æra, no og i all æva !

Josef J. Nilsen

Hold fast på det du har, så ingen skal ta din krone!

(Åpenb. 3, 11)

Ethvert Guds barn har en krone i vente ved livsløpets slutt. Men kun den som blir tro inntil døden, skal få livets krone. Hele vårt liv er vi i fare, hvor vi er, omgitt som vi er av mektige fiender som lurer på å røve kronen fra oss. Og den fiende som kanskje er den farligste, den har vi i vår egen barm. Forat nå ingen skal ta kronen fra oss, gjelder det å holde fast ved hva vi har. Hva er det da vi har som kristne?

Vi har først og fremst Jesus. «Den som har Sønnen, har livet». Har vi ikke funnet ham, da er vi heller ikke kristne. Det gjelder da fremfor alt å holde fast ved ham, så skal ingen rive oss ut av hans hand, det har han selv sagt. Og vi har fått tro på våre synders forlatelse og vår barnerett hos Gud og dermed fred med Gud ved vår Herre Jesus Kristus. Dette er skatter som sjælefjenden stadig forsøker å berøve oss. Hvorledes vil de ikke

for eksempel berøve oss vår frimodighet og fred ved å få oss til å tvile og frykte, tvile på våre synders forlatelse, vi, som ser slik ut både innvendig og utvendig, som må anklage oss selv for så mange synder, så mye utsokspak og så lite fremgang. Ja, kanskje vi somme tider finner ingen fremgang, snarere tilbakegang, og fiendene får oss til å frykte for at vi aldri når vel hjem, vi som snubler gang på gang. Men taper vi vår frimodighet, da taper vi vår kraft og står i fare for å tape vår krone. «Kast ikke bort eders frimodighet, for den har stor lønn» (Hebr. 10, 35).

Men skal vi ikke miste vår frimodighet, da må vi se på Jesus, se at det er i ham og for hans skyld vi eier nevnte skatter, og trøste vårt hjerte med budskapet om den forløsning som er i ham, vandre varlig og strebe etter et hellig liv.

R. Nilsen

Returadressa er :

Lov og Evangelium, 5400 Stord